

# KULTUR

www.dalane-tidende.no  
 epost: tips@dalane-tidende.no



## Dikta har fått vengjer



**HUSKONSERT:** Liv Valbjørg Apeland Bakke (t.v.) og Synnøve Grøtteland Helland framførte "Tankar til ettertanke" og "Småting" med tekstforfattarane Kjellaug Bakke (t.v.) og Marta Jordebrekk som tilhøyrarar og notestativ.

ALLE FOTO: KETH ODLAND

**Tankane til ein sjølvutnemnt fjosnisse frå Litla-Svela og ein 91-åring på Moi har fått musikalske vengjer og eit nytt liv på cd-plata «I fred og frihet».**

**KETH ODLAND**

keth@dalane-tidende.no 4000 8535

Det var song og musikk ho likte; dikt hadde aldri Synnøve Grøtteland Helland brydd seg om. Men så blei søstera dødssjuk. Synnøve fekk ei diktbok til 40-årsdagen med verselinjer som gjekk rett til det sorgtunge hjertet hennar. Det var den produktive, kristne tekstforfattaren Haldis Reigstad som hadde skrivne dikta. Synnøve blei gripen, og tok sjølv grep - om gitaren sin. Ho tonesette fleire av dikta. Plate var ikkje i tankane hennar. Men tilbakemeldingane var strålende; dette burde takast vare på, via lydstudio. Men det tok si tid. Først ti år seinare, i 2008, kom plata «Ved kjelda», der ho syng saman med venninna Liv Valbjørg Apeland Bakke.



**SIGNERT EKSEMPLAR:** Marta Jordebrekk sette stor pris på både plata og tekstheftet som følgjer med. Synnøve Grøtteland Helland har sjølv teke naturbileta på heftet.

### Lokale poetar

Alt då følte Synnøve seg nokså sikker på at det ville bli ei plate til. 6. juni i år hadde ho det handfaste beviset på at følelsane var til å stola på. Då stod ho nemleg med eit rykande ferskt eksemplar av «I fred og frihet» i handa.

Også på den siste plata er flesteparten av songane dikt av Haldis Reigstad som Synnøve har utstyrt

med tonefølge. Men fem av totalt 17 songar på «I fred og frihet» er fullt ut lokale verk, både litterært og musikalsk. Kvardagspoeten Kjellaug Bakke frå Bjerkreim har skrivne fire av tekstane. Marta Jordebrekk frå Moi har bidrege med «Tankar til ettertanke».

### Grein over avisa

Det var i fjor sommar at melodis-

nikkaren på Grøtteland nærmast blei slått i bakken av Marta sitt dikt, som då stod på trykk i Dalane Tidende. Avisa hadde eit intervju med diktskribenten i anledning at ho, i ein alder av 90 år, bokdebuterte med «Eg legg handa mi i di».

- Det var den 27. juli i fjor; ein varm og fin dag. Eg sat ute i sola med avisa og ein kaffikopp. Då eg las diktet til Marta, kjende eg kor-

leis det trefte meg. Eg måtte lesa det om igjen og om igjen. Tårene rann. Eg klarte ikkje å leggja vekk avisa, fortel Synnøve til damene rundt kaffibordet i den lille stova på Moi.

Ho er på besøk hjå Marta Jordebrekk saman med songkollega Liv Valbjørg Apeland Bakke og Kjellaug Bakke. Vertinna set pris på å høyra om Synnøve Grøtteland Helland sin respons på diktet hennar.

- Det er sånn eg ønskjer å nå inn til folk, kommenterer Marta Jordebrekk.

Synnøve var aleine heime den julidagen.

- Det var ei lukke at eg var aleine, for dermed kom tonane, seier ho.

### Rett etter Utøya

Ho meiner sjølv at det var to viktige grunnar til at ho blei så sterkt «ramma» av Marta sine «Tankar til ettertanke».

- Det var bare fem dagar etter Utøya-tragedien. I tillegg hadde eg kort tid tilbake fått tilbakemelding frå ein person som på grunn av 13 år med mobbing, hadde mista trua på både seg sjølv og livet; han hadde fått eit løft fordi eg hadde fått vera med å gi han ei hjelpande hand. Og det var jo akkurat det Marta skreiv om: «Med hjelpande hand kan du tenna eit lys, om enn aldri så lite det er. Det kan lysa eit menneske over ei kneik, når som mørkast og ulendt det er,» siterer

## Kulturstipend til forteller fra Egersund

**STIPEND:** Forfatteren **Anne Elisabeth Skogen** (58) får tildelt et kulturstipend på 20.000 kroner fra Rogaland fylkeskommune. Skogen kommer opprinnelig fra Egersund, men er nå bosatt i Sand kommune. Stipendet skal brukes til å lage en fortellerforestilling om de første utvandrerne fra Rogaland som bosatte seg i New York i 1825. Forestillingen skal kartlegge hvordan det gikk med «slupperne» som de ble kalt i det nye hjemlandet. Rogaland fylkeskommune deler i år ut sju kulturstipend på til sammen 205.000 kroner. Stipendene blir delt ut av fylkesordfører Janne Johnsen 22. juni på fylkeshuset.

**«Då eg las diktet til Marta, kjende eg korleis det trefte meg. Eg måtte lesa det om igjen og om igjen.»**

Synnøve Grøtteland Helland



**SPRUDLANDE SKRIBENTAR:** Kvardagspoetane Kjellaug Bakke (t.v.) og Marta Jordebakk fann fort tonen.

Synnøve Grøtteland Helland.

Då orda på avispaperet var blitt til strofer i ein melodi, fekk forfatteren ein gild telefon.

- Du bad meg syngja songen i telefonen. Tre gonger måtte eg syngja han, smiler Synnøve over kaffikoppen.

- Ja, det var så fint å høyra. Sjølv har eg aldri kunna syngja. Men eg har gjort det likevel, med det nebbet eg har hatt, ler Marta tilbake.

Med Marta og Kjellaug som notestativ tek Synnøve og Liv Valbjørg oppstilling mellom handbroderte veggbilete over blomstrete tapet. Til eige gitarakkompagnement syng dei «Tankar til ettertanke».

- Åh! Det var fint! Ein gong til; vil de? ber Marta når tredje verset er slutt.

Det vil gjestene; dei syng igjen.

### Skriblieri på plate

- Du får seia som salmediktaren Trygve Bjerkrheim, at dei har gitt diktet ditt vengjer, seier Kjellaug Bakke til diktarkollegaen sin når songen er slutt for andre gong.

Sjølv synest Kjellaug Bakke det er stort at fire av det ho sjølv kallar «skribleria til ein enkel fjosnisse frå Litla-Svela», har fått vera med på «I fred og frihet». På minikonserten i stova på Moi plukkar ut Synnøve og Liv Valbjørg ut «Småting», om alt det som

**«Alt det me skal få oppleva på våre gamle dagar.»**

Marta Jordebakk (snart 92)

Marta når Kjellaug sine «Småting» tonar ut.

- Alt det me skal få oppleva på våre gamle dagar, legg ho smilande til.

Om ikkje kjent, så har ho i mange år visst om Kjellaug Bakke. Det gjorde også den no avdøde bror hennar.

- Han hadde eigentleg ikkje sans for dikt. Det eg skreiv, likte han ikkje. Men dine dikt, Kjellaug, dei sette han pris på. Han kjende seg igjen i det kvardagslege, og skildringane frå Jæren, fortel Marta.

### Naturen, menneska og Gud

For Synnøve Grøtteland Helland er songtekstane eit berande element på plata. Derfor følger eit teksthefte med naturbilete som ho sjølv har teke, med cd-en.

- Fellesnemnarane for dei dikta eg blir inspirert av, er at dei handlar om naturen, forholdet mellom menneske og evangeliet. Når eg er ute i naturen med fotoapparatet, har eg ofte dikt-bøkene med meg i tursekken. Dei fleste melodiane kjem ute i stillheita, forklarar ho.

verkar lite og enkelt, men som samla kan bli stort og dyrebart, og «minna om at livet ditt er godt».

- Du og du for nokon gode ord, kjem det frå diktarkollega

## Sigvart Dagsland til Bjerkreim

**KONSERT:** Bjerkreim er plotta inn på haustens turnéplan for Sigvart Dagsland. Stad og tid er Bjerkreim kyrkje torsdag 1. november. Sigvart Dagsland kjem til Bjerkreim med det såkalla bryllaups- og gravferdorkesteret sitt, som han i mai gav ut cd-en «Villa Nordraak» med. Brorparten av konsertprogrammet vil vera songar frå denne cd-en. Frå Bjerkreim reiser Sigvart Dagsland vidare til konsert på Bømlo 2. november. Laurdag 3. november står Lura for tur, før han inntek det nye konserthuset i Stavanger 4. november.

Bryllaups- og gravferdorkesteret består av profilerte artistar og musikarar: Julian Berntzen, fiolin, mandolin, elpiano og kor; Torjus Vierli, flygel, elpiano og keyboard; Mathias Eick, vibrafon og trompet; Sigmund Groven, munnspele; Geir Sundstøl, gitar; Ingelin Reigstad Norheim, akustisk gitar og kor; Hildegunn Garness Reigstad, perkusjon, marxofon, klokkespell, elharpe og kor; Bjørn Holm, kontrabass og kor og Arnfinn Bergrabb, trommer. Bjerkreim kulturkontor startar billettsalet til konserten etter sommarferien.

## Jagged Vision er «Ukas Urørt»



23-åringen Andreas Seglem (andre fra venstre) fra Egersund og de andre medlemmene i Jagged Vision spiller en blanding av hardcore, metal og stoner.

**Andreas Seglem og bandet Jagged Vision har spilt inn plate i USA. Å bli plukket ut av Urørt-redaksjonen i NRK P3 var en fin avslutning på to intense uker i studio.**

### MARTE SKAARA

Marte@dalane-tidende.no

- Ja, det var utrolig kjekt. Det føles godt at folk setter pris på og har tro på musikken vår, sier Seglem på telefon fra London.

Han håper at det å bli «Ukas Urørt» kan gjøre at flere får øynene opp for Jagged Vision, og at det blir enklere å finne et plateselskap som vil gi ut musikken deres. Urørt er et radioprogram som fremmer ny, norsk, usignert musikk.

### Ros fra Urørt

Bandet, som holder til i Stavanger-området, får mye skryt på Urørts nettside: «Jagged Vision lager en deilig blanding

av hardcore og metal. Musikken er brutal og ærlig, hard og tung - men samtidig melodios. Med albumslipp kan og bør de bli en av årets snakkiser innen den harde delen av rocken.»

Sangen deres «Path of Bones» skal spilles i P3-programmene Urørt og Popsalongen denne uka. Det blir også et Skype-intervju med de fire bandmedlemmene Ole Urte Wik (21), Joakim Svela (21), Daniel Vier (23) og Kato Austrått (21) som er igjen i USA. Andreas Seglem er selv på vei hjem til Norge å jobbe i Nordsjøen, og får ikke være med på intervjuet.

- Det er litt kjipt, men de andre snakker på vegne av hele bandet, så det går bra.

### Uvant, men bra

I to uker har bandet vært i studio i USA og jobbet med sitt debutalbum «Harvest Earth» som inneholder ti selvlagte låter. Produzenten er Phillip Cope fra bandet Kylesa.

- Det var en veldig spesiell

opplevelse å jobbe med en anerkjent produsent som Phillip Cope, men det var slitsomt også.

Seglem forteller at de har jobbet litt annerledes enn de pleier å gjøre, med én og én i studio om gangen, og at det var litt uvant.

- Det har til tider gått hett for seg, men det gikk bra til slutt, sier Seglem.

- Vi er veldig fornøyde selv om alt ikke ble helt slik vi hadde sett for oss. Vi har fått gode innspill og ideer fra Cope underveis, og det har vært bra.

### Ønsker platekontrakt

Bandet skal spille på Fjellparkfestivalen i Flekkefjord i juli, men bortsett fra det er ingenting bestemt ennå.

- Målet er å få noen til å gi ut plata vår, og så håper vi på en liten Norges-turné. Men akkurat nå kan det være godt med en liten pause fra hverandre etter 14 dager sammen i et lite, tett studio, fastslår Seglem.

## - Tønnesen var den rette

«I fred og frihet» er spelt inn i lydstudioet til Gunnar Tønnesen fra Egersund, Klepp lydstudio. Det same var «Ved kjelda».

- Gunnar Tønnesen er fenomenal til å løfta fram songane. Ingen kunne gjort det som han. Eg ville at musikanerane skulle få litt frie tøyler. Dei har utfalda seg og laga eit nydeleg lydbilete, synest Synnøve Grøtteland Helland.

Musikarane som spelar på «I fred

og frihet», er Trond Gudmestad (bl.a. bass, dobro, weissenborn, banjo og trommer), Kjell Gudmestad (pedal steel gitar), Torstein Obrestad (bl.a. rhodes, mellotron, hammondorgel og harmonium), Henning Thunheim (elgitar) og Gunnar Tønnesen (bl.a. fløyte, gitarar og mandolin).

Liv Valbjørg Apeland Bakke har laga andrestemme til alle melodiane, men syng òg førstestemme på nokon soloar.

Komande sundag er Kløgetvedttunet igjen ope for publikum, for andre gong denne sesongen. På programmet står gitarkonsert med **Asgeir Aarøen**. Gitaristen frå Nordfjord har spesialisert seg på latinsk musikk og opptre ofte saman med flamencodansarar. Men til fjoset på Kløgetvedt tek han bare med seg gitaren.

Sjølv om dei latinske tonane står hjertet hans nær, spelar han også gjerne



musikk frå nærare himmelstrøk. Kløgetvedt-publikummet vil blant anna få høyra fleire norske melodiar, spesialarrangert for gitar.

Men fyrig gitarspel er ikkje det einaste som ventar sundagens gjester på bygdetunet. Som vanleg står kunnskapsrike omvisarar parat til å ta dei besøkjande med rundt på tunet. Elles kan ein nyta så vel nysteikte lappar som måleri av kulturskulen sine kunstelevar.